



Radio, right in your pocket, 24/7: Early Norwegian podcasting from 2004 to 2014

Abstract: The article examines the historical development of Norwegian podcasting from 2004 to 2014. In international research, podcasting during this period has been described as an amateur-driven medium dominated by independent and non-commercial actors, something that is less visible in Norwegian podcasting. The study analyses Norwegian Broadcasting Corporation (NRK), independent actors and commercial actors, and finds that in its early phase, Norwegian podcasting largely functioned as a replay channel for NRK's radio programmes. However, alternative forms of podcasting did exist, such as the Norwegian platform 'Freecast' and subsequently independent podcasts in the 2010s. In the 2010s, we can also see the very early stages of commercialisation. Despite NRK's continued dominance in 2014, these developments in Norwegian independent podcasting laid the foundation for the second phase of podcasting.

Keywords: Podcast, podcast history, independent podcasting, Norwegian Broadcasting Corporation, radio

Radio, rett i lomma, døgnet rundt: Tidleg norsk podkasting frå 2004 til 2014

Samandrag: Artikkelen undersøker den historiske utviklinga av norsk podkasting frå 2004 til 2014. I internasjonal forskning har podkasting i denne perioden blitt skildra som eit amatørdrivde medium dominert av uavhengige og ikkje-kommersielle aktørar, noko som er mindre synleg i norsk podkasting. Studien analyserer allmennkringkasting (NRK), uavhengige aktørar og kommersielle aktørar, og finn at norsk podkasting i den første fasen på mange måtar var ein reprisekanal for radioprogramma til NRK. Samtidig fanst det alternative former for podkasting, som den norske plattformen Freecast og seinare uavhengige podkastar i 2010-åra. Gjennom 2010-åra kan me også sjå ei byrjande, men svak kommersialisering. Trass i NRK sin vedvarande dominans i 2014 la desse utviklingane frå norsk uavhengig podkasting grunnlaget for den andre fasen av podkasting.

Emneord: Podkast, Podkashistorie, Uavhengig podkasting, NRK, Radio




Marius Stangeland
Stipendiat
Universitetet i Oslo (AKH)
E-post: marstan@uio.no

Den 28. februar 2005 skreiv *Aftenposten* det som kan ha vore den første avisartikkelen på norsk om podkasting.¹ Ifølgje *Aftenposten* var det ingen norske podkastar på dette tidspunktet, men ein hadde likevel stor tru på mediet. Podkasting, «teknologi-magi», kunne «revolusjonera medieindustrien» ved at ein kunne høyra radioprogram «når og hvor du vil» ettersom programma «på magisk vis» dukka opp i spelaren.² Ei slik forståing av podkastmediet som ein reprisekanal for radio skulle bli dominerande i Noreg i den første fasen av podkasting. Dette stod i kontrast til forståinga av podkastmediet i den engelskspråklege verda, der ein fokuserte på det demokratiserande potensialet ved at lydproduksjon blei opna opp for alle. Bonini sin definisjon av podkasting frå 2015 inkluderer både desse formene for podkasting.

*Podcasting is a technology used to distribute, receive and listen, on-demand, to sound content produced by traditional editors such as radio, publishing houses, journalists and educational institutions ... as well as content created by independent radio producers, artists and radio amateurs.*³

Det finst derimot også andre måtar å definera podkasting på basert på teknologi (RSS), produksjon, forventningane lyttarane har til mediet, næringa rundt og dei kulturelle uttrykksformene ein finn i mediet. Dette vil seia at forståinga av kva podkasting er, kan endra seg over tid og avhenga av den kulturelle bakgrunnen. Til dømes var podkastmediet tett knytt til distribusjonsteknologien

Mediehistorisk Tidsskrift nr. 45, 2026, årgang 23, s. 100-133, publisert april 2026.
Artikkelen finnes også som del av hele utgaven av Mediehistorisk Tidsskrift nr. 01, 2026,
url: https://medietidsskrift.no/wp-content/uploads/2026/03/NMF-tidsskrift-01_2026.pdf
Artikkelen publiseres under lisensen Creative Commons CC BY-NC 4.0.



Snart kan Ehsan Poursharif høre på favorittradio-programmet sitt akkurat når han vil - via MP3-spilleren sin. FOTO: SOU BIRMA

Alt på radio rett i lomma døgnet rundt

■ Kan revolusjonere medieindustrien.

Snart kan du trolig høre «Hallo i uken» eller «Are og Odin» når og hvor du vil. 3000 kanaler ventrer allerede på at du skal ta i bruk det nye mediet «podcasting».

PER KRISTIAN BJØRKGANG

Hvor ofte har du ikke irritert deg over at du mistet et radio-program fordi du var opptatt da det ble sendt? Noe av det beste akkurat nå er såkalt podcasting. Teknologien bak er avansert, men bruken er enkel: Alt du gjør er å velge noen radioprogrammer fra en liste. Så hanner programmene automatisk over på MP3-spilleren din neste gang du synkroniserer. Du trenger ikke «ta opp» noe som helst. Alt skjer av seg selv. Både BBC og NRK har tro på teknologien.

Tekno-magi. Podcasting er et medium for å sende et lydopptak fra en hvilken som helst nettbrowser til interesserte lyttere verden over. Du kan lytte på en PC, men hvis du vil ha med radioprogrammene på trikken, må du ha en iPod eller noe annet som lagrer lyden i lommen din. Radioprogrammene dukker på magisk vis opp som vanlige artistler eller spillelister.

Gratis. Konseptet er gratis å bruke, og ble utviklet av den tidligere MTV-verten Adam Curry og en venn for et halvt år

siden. Det er praktisk talt gratis å starte sin egen podcasting-stasjon hvis du har en PC med nettilknytning. Resultatet er at tusenvis av amatører har kastet seg over det nye mediet. De aller fleste av de minst 3000 eksisterende kanalene bærer derfor preg av å være laget på hobbybasis. Men her finnes også profesjonelle radioshus som den anerkjente National Public Radio (NPR) i USA, BBC og ABC fra Australia.

NRK-test. Markedsjef Tore Meling i NRK Aktivum:

«Jeg tror podcasting har et kjempepotensial. Hele denne nedlastings-tankekongen kommer til å revolusjonere medieindustrien. Vi kommer helt sikkert til å gjøre tester på dette,

sier han. – Jeg tror nok spesielt de tyngre radioprogrammene vil dra nytte av dette. Med podcasting kan du ta dem inn og høre på dem når du faktisk har tid til å lytte til hva som blir sagt. Veksten i lydboks-salg viser at dette er noe folk er interessert i, sier Meling.

Teknikk er det svært lite som hindrer NRK i å ta i bruk podcasting umiddelbart. Men rettighetsproblematikken kan komme til å skape problemer. Standardavtalene lar riksrikskrister bare sende programmene ut over nettet i tre uker etter at de opprinnelig ble sendt. Etter alt å dømme er det også mye uavklart rettighetsproblematikk hos mange av podcasting-kanalene.

PODCASTING

Slik kommer du i gang:

www.ipodder.org har ulike programmer du kan bruke for å ta imot podcast-sendinger. Aftenposten har prøvd ett av dem, iPodder 1.0. Det fungerer fint og var ferdig satt opp i løpet av fem minutter. Her finner du også ut hvordan du kan lage din egen podcast.

Du kan sette opp iPodder til automatisk å sjekke etter og laste ned nye radiosendinger. Det er ikke nødvendig med en iPod for å lytte. Du kan lytte via en PC. Har du en iPod eller en annen MP3-spiller, synkroniseres den automatisk hver gang du kobler den til en PC, og så kan du ta den med i lommen.

Du bør ha bredbånd for å ta imot podcasts.

Det kan du lytte til:

Personlige radioverter er mest vanlig foreløp. De ligner på blogger (nettdagbøker), men har lyd og musikk i stedet for tekst og bilder. Variasjonen er enorm: Det finnes radiostasjoner for alle typer musikk, om vin, dataspill, nyheter for kristne og egne musikkprogrammer der alt som sendes er coverversjoner. Eller hva med Tapdancing News, der en satirisk nyhetssopplser synger nyhetene mens hun stepper.

Aftenposten har ikke funnet noen norske podcasts foreløpig, men de vil trolig dukke opp snart.

DETTE ER PODCASTING

En radiostasjon eller en privatperson lager et radioprogram. I stedet for å sende det som en strøm til lytteren, blir det lastet opp på nettet som en MP3-fil.

På nettet lagres programmet til brukerne er klare til å hente det ned.



I et gratis PC-program velger lytteren ut hvilke av de mange kanalene han eller hun vil lytte/abonnere på. Programmet laster ned kanalene nattetid, eller på nærmere angitte tidspunkter. Lytteren kan høre på programmene fra en vanlig PC.

STUDIO PODDER



Hver gang en MP3-spiller kobles til PC'en, overføres de siste programmene fra utvalgte kanaler automatisk til spilleren. Lytteren kan nå velge kanalen som en vanlig sang eller spilleliste på MP3-spilleren.

©Aftenposten Grafikk: Roland Jørgensen

Det som kan ha vore den første artikkelen om podkastmediet i ei norsk avis. Foto: Aftenposten Historie.

RSS i byrjinga, men denne koplinga blei mykje svakare i 2020-åra med nye plattformar som Spotify.⁴ I tillegg var ikkje podkast det same overalt. I Frankrike blei ordet podkasting brukt om små humoristiske videosketsjar i 2010.⁵ I Noreg blei podkast brukt både om lyd og video, så lenge det blei distribuert via RSS.⁶ I denne historiske undersøkinga av podkasting i Noreg frå 2004 til 2014 vil ein brei definisjon av podkasting bli tatt i bruk med utgangspunkt i korleis mediet blei forstått i samtida.⁷

Denne artikkelen kjem til å undersøka utviklinga av podkastmediet i Noreg frå 2004 til 2014. Kammer og Sejersen har kalla dette for den første fasen av podkasting med utgangspunkt i USA. Ifølgje forfattarane var denne fasen prega av ein demokratisk etos, på same måte som blogging og tidleg internettkultur generelt.⁸ Fleire har peika på at podkastarar i denne perioden i hovudsak var uavhengige amatørar som blei tiltrekte av den opne teknologien bak podkasting, noko som gjorde at fleire kunne laga lydinnhald og distribuera det til potensielt mange lyttarar. Podkasting var prega av eit demokratisk ideal som ikkje alltid blei realisert i praksis, men som var ein viktig ideologisk markør for mange. Gratisprinsippet stod sterkt i tidleg podkasting, noko som gjorde mediet vanskeleg å kommersialisera.⁹ Offentlege radiokanalar på si side brukte stort sett podkasting som ein alternativ distribusjonsmodell, men dei var også viktige innovatørar innanfor amerikansk podkasting.¹⁰ I 2010-åra vaks det fram ein aukande podkastmarknad, noko som førte til ei profesjonalisering og kommersialisering av mediet, sjølv om han var relativt forsiktig før den amerikanske true crim- podkasten *Serial* blei publisert i 2014.¹¹ *Serial* blei kjapt veldig populær, noko som førte til at merksemda rundt podkasting auka drastisk. 2014 er difor ofte kalla for eit vendepunkt for podkastmediet og byrjinga på ein ny fase, prega av vekst og kommersialisering.¹² Eg kjem difor til å stoppa analysen min i 2014.

Målet med studien er å forstå kva som kjenneteikna podkastmediet i Noreg i den første fasen av podkasting. Ein slik tilfellestudie kan gje eit meir heilskapleg bilete av utviklinga av mediet i ein internasjonal kontekst. I artikkelen vil eg først kontekstualisera temaet ved å gi ei kjapp historisk oversikt over tidleg podkasting, før eg ser på relevant litteratur for den første fasen av podkasting og gir ei utgreiing av forskingsspørsmål og metode. Hovudanalysen er strukturert ut frå tre forskjellige hovudaktørar i norsk podkasting: allmennkringkasting (NRK), ikkje-kommersielle aktørar og kommersielle aktørar.




Dave Winer, den amerikanske utviklaren som la til eit vedleggsselement i RSS 0.92 i 2000 som la det teknologiske grunnlaget for podkasting. Foto: Joi Ito.

Historie

Podkasting oppstod tidleg i 2000-åra og var særleg bygd på to teknologiar: RSS og MP3-fila. RSS er ein XML-basert nyhendestraum, det vil seia at dataa blir organiserte i ein hierarkisk struktur basert på eit tekstformat. Dette formatet blei først utvikla seint i 1990-åra for å oppdatere nettlesarar kontinuerleg.¹³ Dave Winer bygde på dette, og han la til eit vedleggselement (*enclosure element*) i desember 2000 som gjorde det mogleg å leggja til lydfiler i RSS-strauar. Dette blei første gong gjort ved at ein song av bandet Grateful Dead blei lagt til i ein RSS-straum i januar 2001.¹⁴ Ein underliggjande faktor som gjorde det mogleg å leggja til lydfiler i RSS på denne tida, var MP3-filformatet. MP3 er eit komprimert filformat for lagring og speling av lyd, noko som gjorde at filstorleiken var mykje mindre enn andre lydformat som WAV. På grunn av avgrensa bandbredde på internettet tidleg i 2000-åra var det viktig at lydfilene ikkje var for store. Desse teknologiske fundamenta, RSS og MP3-filformatet, gjorde at podkasting var teknisk mogleg frå desember 2000.¹⁵

Likevel vart denne nye funksjonaliteten ikkje brukt i byrjinga. Det var først i 2003 at eit gryande podkastmiljø skulle oppstå blant amerikanske teknologientusiastar. Dave Winer hjelpte den tidlegare radioverten Christopher Lydon med å publisera lydintervju på bloggen sin via ein RSS-straum. Dette var forgjengaren til podkasten *Radio Open Source*, som er blitt kalla den første podkasten i verda.¹⁶ Sjølve namnet blei lansert av Ben Hammersley i ein artikkel i *The Guardian* i februar 2004. Ordet var ei samansetjing av Apple sin mp3-spelar *iPod* og ordet *broadcasting*.¹⁷ Radioverten og MTV-personlegdomen Adam Curry var ein særleg aktiv pådrivar for populariseringa av podkastmediet. Han var blant dei første som laga eit verktøy, *Ipodder*, som kunne finna RSS-strauar med lydfiler som låg på ulike stader på nettet og lasta dei ned til ein iPod. I byrjinga vart podkastar publiserte på mange forskjellige stader på nettet, som bloggar og personlege nettsider, og *Ipodder* gjorde det lettare å finna og lasta ned desse lydfilene.¹⁸ I tillegg laga Curry ein podkast i august 2004 kalla for *The Daily Source Code*, noko som bidrog til å gjera mediet kjent utover den litle gruppa med podkastpionerar.¹⁹ 2004 var på mange måtar fødeåret for podkastmediet, noko som kjem tydeleg fram i auken i søkeresultatet på Google for «podcast» og auken i talet på podkastar i løpet av året som graf 1 viser.²⁰ I 2005 vart ordet «podcast» kåra til årets ord av *New Oxford American Dictionary*.²¹

Graf 1: Graf som viser utviklinga i talet på søk for ordet «podcast» i 2004²²



Apple sitt inntog på podkastmarknaden i 2005 var særleg viktig i den første fasen av podkasting. I 2005 blei podkastar tilgjengelege på iTunes²³, noko som gjorde det lettare å søka og finna podkastar.²⁴ Apple bygde direkte på RSS for distribusjon, noko som vil seie at filene vart tilgjengelege for gratis nedlasting. Dette hindra ei tidleg plattformisering av mediet. Likevel var iTunes spesielt viktig som ein samlingsstad for tidleg podkasting, noko som gav Apple betydeleg

påverknadskraft.²⁵ I 2012 blei podkastar skilde ut frå iTunes i ein eigen applikasjon, Apple Podcasts, som blei ein standardapp på alle iPhonar i 2014.²⁶ I tillegg var Apple viktig ved å tilby maskinvare til å lytta på podkastar, først i form av MP3-spelaren iPod og seinare med smarttelefonen iPhone. I 2007 blei den første iPhonen lansert, og populariteten til smarttelefonar auka sterkt i dei følgjande åra, både i USA og Noreg.²⁷ Smarttelefonar og podkastappar gjorde det lett å både finna og lytta til podkastar på ein og same plass, og denne kombinasjonen var ein føresetnad for den eksplorative veksten i podkasting etter 2014.²⁸

Litteraturgjennomgang

Dei første vitenskaplege artiklane om podkasting samanlikna det med radio. Berry fokuserte på forholdet mellom podkasting og radio, og trekte særleg fram det disruptive potensialet til det nye mediet ettersom det tilbydde nye måtar å høyra på lydinnhald på, med større valfridom for lyttarane. No kunne uavhengige produsentar laga lydproduksjonar ved hjelp av ein billig distribusjonsmodell som kunne nå ut til mange, noko som kunne utfordra dei tradisjonelle radiostjernene.²⁹ Sterne et al. var kritiske til Berry sin tese om at podkasting kunne utfordra radio. I staden samanlikna dei podkasting med former for tidleg radio, og meinte at podkasting kunne representera ei meir demokratisk form for kringkasting av lyd. På same tid advarte dei mot ei ukritisk tilnærming til det demokratiske potensialet til det nye mediet.³⁰ Markman og Markman og Sawyer presenterte empirisk data om dei uavhengige podkastprodusentane, og viste at dei særleg bestod av kvite, middelaldrande menn med høgare utdanning som var interessert i å testa lydproduksjon.³¹ Wang har også peika på at denne «demokratiseringa» særleg gjaldt enkelte menn, og kritiserte i tillegg det dominerande historiske narrativet om tidleg podkasting for å ha ekskludert bidraget frå kvinnelege pionerar.³² På same tid kunne podkasting tilby marginaliserte grupper ei alternativ form for nettverksbygging og formidling, noko Florini viste med sin analyse av uformelle nettverk av afro-amerikanske podkastarar.³³

Trass i kritikken mot podkasting er det liten tvil om at podkasting skapte nye moglegheiter for uavhengige amatørar. Kammer og Sejersen skriv at den institusjonelle logikken bak den første fasen av podkasting var bygd på deltaking og personlege ytringar. Podkasting var eit opent medium med få barrierar kor mange kunne delta. Podkasting var ein subkultur som ennå ikkje hadde blitt ein del av ein etablert marknad.³⁴ Dette skapte rom for eksperimentering og utvikling av nye kulturelle uttrykksformer, stemmer og tema.³⁵ Utover 2010-åra blei det gradvis bygd opp ein industri rundt podkasting, noko som førte til auka kommersialisering og fleire profesjonelle aktørar.³⁶

Bonini peika på at podkasting utvikla seg i to ulike retningar i 2010-åra: ei kommersiell og ei ikkje-kommersiell retning. Den ikkje-kommersielle aktiviteten bestod av blant anna nyfikne amatørar, uavhengige produsentar, universitet, religiøse grupper og hobbyverksemd. Det fanst også kommersielle aktørar i tidleg podkasting, men dei fleste forsøk på å tena pengar var mislykka. Podkasting blei difor dominert av amatørane og offentlege radiostasjonar som brukte podkasting som ein alternativ distribusjonskanal for programma sine. Bonini såg ei tydeleg endring i 2012 då alternative former for finansiering blei tilgjengelege, som publikumsfinansiering, reklame, sal av produkt og live arrangement. Podkasting gjekk frå å vere eit medium dominert av uavhengige amatørar til å bli eit aukande kommersialisert og profesjonalisert medium.³⁷

Erling Sivertsen er den einaste som har skrive om tidleg norsk podkasting. Han peika på at norsk podkasting allereie i 2006 gjekk i to ulike retningar: éin i retning av amatørpodkastar og éin i retning av profesjonell radio. I tillegg blei tre ulike podkastaktørar skildra: (1) amatørar, (2) aviser og

mediehus og (3) kringkastarar (NRK). Artikkelen konkluderte med at amatørpodkasting hadde eit liknande demokratiserande potensial på lydproduksjon som blogging hadde på skrivning. Likevel fastslo Sivertsen at norske amatørpodkastar allereie i 2006 hadde kome i skuggen av profesjonelle aktørar, særleg NRK.³⁸ Sivertsen sin analyse stoppa derimot i 2006, noko som gir oss eit ufullstendig bilete av den første fasen av norsk podkasting, som varte fram til 2014.

Forskingsspørsmål

I denne artikkelen vil eg undersøka podkasting i Noreg frå 2004 til 2014 i det som har blitt kalla den første fasen av historia til mediet. Eg kjem til å ta utgangspunkt i dei følgjande tre forskings-spørsmåla. (1) Kva kjenneteikna podkasting i Noreg mellom 2004 til 2014? (2) Kva form for podkasting (kommersiell eller amatør, lyd eller video, radio eller originalproduksjon) var dominerande i Noreg i denne perioden? (3) Korleis endra og utvikla podkastmediet seg i Noreg frå 2004 til 2014?

Metode

Å forska på den første fasen av podkasting byr på fleire utfordringar. Den største av dei er at mange av dei tidlegaste podkastane ikkje er tilgjengelege. Sjølv om ein kan finna digitale spor etter nokre av dei, har mange lydfiler forsvunne. Mange har truleg forsvunne utan å ha lagt frå seg digitale spor. Boka *Saving New Sounds* var ei av dei første til å diskutera metodiske og teoretiske utfordringar ved arkivering av podkastar og knyta dette opp mot arkiveringsarbeidet bak prosjektet PodcastRE.³⁹ Nokre døme på teoretiske problemstillingar som blei tatt opp i boka, er korleis ein skal arkivera podkastar, velje ut materiale og preservere metadata. PodcastRE-prosjektet har valt å basera podkastarkivering på RSS-straumar, og har arkivert både dei mest populære podkastane og fleire utvalde mindre podkastar.⁴⁰ Det er også mogleg å senda inn podkastar for arkivering via nettstaden til prosjektet.⁴¹ I databasen er det derimot få norske podkastar, og ein treng sannsynlegvis eit eige prosjekt for arkivering av norsk materiale.

Ettersom mange norske podkastar ikkje er tilgjengelege i dag, må me starta med å diskutera metodiske utfordringar ved val av materiale. For å forstå utviklinga av tidleg norsk podkasting har det vore naudsynleg å finna fleire kjelder som kan vera representative for tidleg podkasting. Eg har valt å ta utgangspunkt i norsk mediedekking av podkastmediet frå 2005 til 2014, arkiverte nettstader på Internet Archive og intervju med fleire viktige personar i tidleg norsk podkasting. Desse kjeldene byr på ulike moglegheiter og utfordringar.

Norsk mediedekking av podkastmediet kan visa kva og korleis tradisjonelle medium såg på det nye mediet, og korleis dette utvikla seg over tid. I tillegg har det vore mogleg å finna informasjon som ein kan leita etter på arkiverte nettstader. Eg har lese alle artiklane som inneheld ein variant av ordet «podkast»⁴² i perioden frå 2005 til 2015, og systematisert dei i eit Excel-ark. Eg har gått inn i søkeresultata og filtrert ut falske positivar og irrelevante søkeresultat. Irrelevante søkeresultat er innhald som ikkje har noka kopling til redaksjonelt innhald. Gjentakande identisk reklame for eigen podkast har eg valt å berre telja ein gong.⁴³ I tillegg har eg filtrert ut aviser som berre nemner «podcasting» i programoversikta over TV og radio, då desse resultatane fører til ein kraftig inflasjon i resultatane.⁴⁴ Til slutt har eg valt å filtrera ut heilt identiske artiklar i forskjellige aviser. I perioden 2005 til 2014 var det då 1383 artiklar totalt, kor 1163 av dei var originale. Materialet har blitt sett inn i ein typologi som består av tolv ulike kolonnar med datapunkt.⁴⁵ Blant anna har eg delt inn artiklane etter hovudfokus, dette består av ti ulike kategoriar.⁴⁶

Blant arkiverte nettstader har eg særleg brukt *Freecast*, internettforum som *VG Debatt* og NRK si gamle podkastnettside NRK.no/podkast. Dei fleste av dei gamle sidene har eg funne via Internet Archive. Å bruke Internet Archive byr på fleire metodiske utfordringar. Ei utfordring er at det er tilfeldig kva som er blitt arkivert, og når dette har skjedd. Fleire av nettsidene har store hol som gjer det vanskeleg å få eit heilskapleg bilete. Det er også vanskeleg å vurdere kor representativt materiale som har overlevd er. Eit anna problem er feil i delar av arkiveringa, noko som gjer at informasjon som ville vore tilgjengeleg då sida var aktiv, ikkje er det no lenger. Eit meir fundamentalt problem er at dei arkiverte nettsidene er ein kopi av koden bak nettsida på eit gitt tidspunkt og ikkje ei direkte gjengiving av korleis ho såg ut då ho var aktiv. Ettersom me ikkje kan sjekka materiale mot ein original, er det vanskeleg å vurdere autentisiteten til kjeldematerialet.⁴⁷ Trass i desse utfordringane gjev materialet informasjon om tidleg norsk podkasting som ikkje kjem fram andre stader.⁴⁸

Det siste kjeldematerialet eg har brukt, er intervjumateriale frå fleire sentrale aktørar bak tidleg norsk podkasting. Intervjua blei gjennomførte i løpet av 2024 og 2025, anten fysisk eller via telefon eller digitale verktøy. Intervjua blei ikkje tatt opp, men eg tok notat av det som blei sagt. Dette materialet kjem eg til å prøva å unngå å referera direkte til fordi det er vanskeleg å etterprøva, og på grunn av avstanden i tid mellom intervjuet og hendingane og andre metodiske utfordringar rundt bruken av munnlege kjelder.⁴⁹ Likevel har intervjua vore nyttige både for å leita etter digitale kjelder og for å få eit betre bilete av tidleg norsk podkasting frå ståstaden til dei aktørane som var involverte. Eg vil takka alle som tok seg tid til å bli intervjuet.⁵⁰

Kjeldematerialet er analysert både kvantitativt og kvalitativt. Den kvantitative analysen er basert på materiale eg har samla inn, først og fremst frå mediedekkinga i norske aviser og nettstadane til *Freecast* og *VG Debatt*. Eg har brukt Excel til å laga oversikter og programmeringsverktøyet R til å analysa materialet. Den kvalitative analysen inneberer først og fremst nærlesing av kjeldemateriale.

Norsk podkasting i grove trekk (2004–2014)

Det er vanskeleg å seia med sikkerheit kva som var den første norske podkasten.⁵¹ Emma Teigen Vartdal publiserte den første podkasten frå eit .co.uk domene, *The Emma Show*, i oktober 2004, og var truleg ein av dei første norske podkastarane. Podkasten var derimot berre på engelsk.⁵² Halvard Halvorsen publiserte ein elleve sekund lang testepisode på norsk via podkasten sin *Acecast Alpha Podcast* den 31. desember 2004. Det blei ikkje etterfølgt av fleire episodar på norsk.⁵³ Filadelfiakyrkja i Kristiansand kan ha publisert radioprogramma sine som podkast så tidleg som i 2004, ifølgje Terje Tveit, ein av dei sentrale personane bak podkasten.⁵⁴ Likevel har eg ikkje lykkast med å finna samtidige kjelder som kan bekrefte dette.⁵⁵

Den første norske podkasten som me har sikre kjelder på, er *Brassnerd* ;-) av Terje Pedersen.⁵⁶ Podkasten blei publisert 27. mars 2005 på bloggen til Pedersen, kor det stod at den var «proberbly [sic] the first norwegian [sic] podcast».⁵⁷ Pedersen kan skildrast som ein interessert amatør som ynskte å testa mediet.⁵⁸ I løpet av 2005 testa fleire aktørar podkasting. *Adresseavisen* var den første avisa som la ut eit radioprogram som podkast 29. april 2005 då dei gjorde «Sex- og samlivsmagasinet» tilgjengeleg for nedlasting via RSS.⁵⁹ *Avisa ITavisen* var den første norske avisa til å laga ein original podkast i august 2005.⁶⁰ NRK og Kanal24, seinare Radio Norge, var dei første landsdekkjande radiokanalane som podkasta eit radioprogram då dei la ut høvesvis *Kurér* og *Superstreng* 2. september 2005.⁶¹ Kanal24 la seinare ut humorprogrammet *Kommisjonen*, som blei ein av dei mest populære podkastane i Noreg i 2006.⁶²

NRK sitt inntog på den norske podkastmarknaden var eit definitivt vendepunkt i norsk


podkashistorie.⁶³ I dette høvet blei ei eiga nettside laga for å forklara korleis ein kunne høyra *Kurér* på podkast.⁶⁴ Dette blei seinare til ei eiga nettside for NRK podkastar.⁶⁵ Ved slutten av året 2005 hadde NRK 17 radioprogram tilgjengelege som podkast med 19 000 abonnentar på iTunes.⁶⁶ Dette auka kraftig dei neste åra, og i september 2007 var 60 NRK radioprogram tilgjengelege som podkast.⁶⁷ Ingen andre klarte å konkurrera med NRK, som fekk ei svært dominerande rolle i norsk podkasting. På iTunes si norske topp ti-liste over dei mest populære podkastane 23. november 2005 var seks laga av NRK.⁶⁸ Denne dominansen heldt fram, og berre radioprogram frå P4 og Kanal24, norske tv-program og videobloggar av kjendisar klarte i nokon grad å konkurrera med NRK på dei norske topplistene til iTunes.⁶⁹

I avisene fekk podkasting lite merksemd. Eit søk på «podkast» og liknande former⁷⁰ gjev 2321 treff i det digitale avisarkivet til Nasjonalbiblioteket. Om ein tar bort falske positivar⁷¹, får ein 1383 resultat, kor 1163 av dei var originale artiklar. Av desse var det berre 330 (ca. 28 prosent) som hadde «podkast» som sitt hovudtema.⁷² Dette står i stor kontrast til den andre fasen av podkasting (2015–2019), kor Nasjonalbiblioteket gjev over 20 000 treff for same søket.⁷³ Det står også i kontrast til andre medium. Søkeorda «blogg» og «blogging» gir ca. 32 450 treff for perioden frå 2005 til 2014. «Nettradio» gjev 9455 resultat, «MP3-spiller» gjev 13 100 resultat og «YouTube» gjev ca. 28 400 resultat.

Dersom me ser på utviklinga av podkastartiklar over tid, er perioden frå 2005 til 2014 relativt stabil. Botnpunktet blei nådd i 2005 med 56 originale podkastartiklar, medan 2014 var eit toppunkt med 195. Mellom 2006 og 2013 hadde derimot alle åra mellom 104 podkastartiklar (2008) og 128 (2010), utanom 2011, som hadde 78. Dette står i kontrast til 2015, som hadde ein klar auke med 527 originale podkastartiklar. Dette samsvarar godt med utviklinga av engelskspråkleg podkasting, og tyder på at me også i Noreg fekk ein *Serial*-effekt som starta ein ny fase i norsk podkasting.⁷⁴

Norske aviser gjev sjølvsagt ikkje eit fullstendig bilete av populariteten til podkastar, men andre kjelder tyder på at mediet var relativt lite i den første fasen. Dei første tala på podkastlytting kom i 2015 og 2016. På hausten 2015 viste TNS Gallup at 10 prosent av nordmenn høyrde på podkast.⁷⁵ Den første undersøkinga om podkast i Norsk mediebarometer i 2016 viste at 6 prosent av norske lyttarar lytta til podkast på ein gjennomsnittsdag. Til samanlikning høyrde 12 prosent på ein CD-spelar.⁷⁶ Det er rimeleg å anta at talet på podkastlyttarar var betydeleg mindre før 2015.⁷⁷ I tillegg viser topplistene frå iTunes fram til januar 2015 at marknaden for norske podkastar var svært avgrensa. Dei fleste plassane blei tatt av NRK sine radioprogram. Mediet hadde dessutan lita kommersiell interesse, utanom eit par radioprogram frå Kanal 24 og P4, nokre tv-klipp frå TVNorge og videobloggar frå iPublish. Podkastmarknaden i Noreg var for liten for reklame og sponsorinntekter. Om me ser på utviklinga av søket «podcast» på Google Trends i Noreg, som vist i graf 2 under, ser me inga dramatisk utvikling frå 2005 til 2014. På forumet til VG, VG Debatt, under kategorien «data og internett» var det berre tre av 7560 trådar som handla om podkasting, frå oktober 2007 til desember 2014, medan det var 31 trådar om blogging.⁷⁸ Med andre ord er det ingenting som tyder på at podkast var eit stort medium i Noreg i perioden, men det var det heller ikkje internasjonalt.

Graf 2: Google Trends graf for søkeordet «podcast» i Noreg mellom 2004 og 2014⁷⁹



Det som derimot skil norsk podkasting frå podkasting i USA, er NRK sin dominans. I USA var det også store offentlege radiokanalar som podkasta populære radioprogram som *This American Life*.⁸⁰ På same tid fanst det mange store uavhengige podkastproduksjonar i USA, noko som var fråverande i Noreg i dei første åra.⁸¹ Anten var det ikkje ein marknad for norsk uavhengig podkasting, eller så var NRK så dominerande at desse stemmene i liten grad slapp til.⁸² I slutten av 2000-åra og starten på 2010-åra byrja det derimot å veksa fram eit gryande økosystem av norske uavhengige podkastar. Den største av dei var *Tusvik & Tønne*, som blei lansert i 2012. Det var den einaste podkasten som kunne ta opp kampen med NRK om topplassane på iTunes.⁸³ Dei var også blant dei første uavhengige podkastane til å kommersialisera verksemda si ved å bruka live-show i 2013.⁸⁴

Den første fasen av podkasting var i Noreg dominert av NRK. Litt forenkla kan me seia at norsk podkasting først og fremst var ein reprisekanal for radioprogramma til NRK. Me finn difor lite av den demokratiserende diskursen for uavhengige produsentar som blant anna Berry, Bonini og Kammer og Sejersen skildrar for amerikansk podkasting i denne fasen.⁸⁵ Dette er noko eg skal diskutera vidare ved å undersøka NRK sin posisjon i norsk podkasting frå 2005 til 2014. Deretter skal eg undersøka uavhengige og ikkje-kommersielle aktørar i norsk podkasting for å sjå etter teikn til ein demokratiserende etos. Til slutt skal eg undersøka kommersielle aktørar for å vurdere om me her i landet fekk ei kommersialisering av podkasting frå tidleg i 2010-åra lik den Bonini skildrar i USA.


Allmennkringkasting (NRK)

NRK kunne nytta seg av sin dominerande posisjon på radiofeltet for å tidleg få ei leiande rolle innanfor norsk podkasting. Dette ser me i utviklinga av iTunes sine topplister frå perioden. Den 12. september 2005 bestod topplista av ITavisen sin podkast, *Kurer* frå NRK, *Supertanker* (*Superstreng*) frå Kanal24, *Digital hverdag* og seks internasjonale podkastar.⁸⁶ Tidleg i 2006 hadde derimot NRK fått ein totaldominerande posisjon på topplista til iTunes. Åtte av ti plasser var tatt av radioprogram frå NRK, med *Radioresepsjonen* på førsteplass.⁸⁷ Dette heldt fram i oktober 2006⁸⁸ og januar 2009.⁸⁹ Likevel gjev ikkje iTunes sine topplister eit fullstendig bilete av norsk podkasting. For det første var topplistene baserte på både lyttartal og vekst. Det vil seia at podkastar som vaks kjapt, kunne få ei høgare rangering enn podkastar med langt høgare lyttartal. For det andre er det vanskeleg å finna tilstrekkeleg data. Eg har berre funne seks topplister frå iTunes for perioden frå 2005 til 2009, noko som ikkje er nok til å trekkja klare konklusjonar.⁹⁰ Trass i dette er iTunes-topplistene den einaste måten å estimera populariteten til norske podkastar på for denne perioden, og

tendensen er svært konsistent. Dei fleste plassane er tatt av NRK sine radioprogram i tillegg til andre etablerte aktørar innanfor radio (P4 og Kanal24), TV (TV Norge), nettaviser (VG), videobloggar frå iPublish og internasjonale podkastar. Uavhengige norske podkastar var i stor grad fråverande. Det same mønsteret kan ein sjå frå topplister i 2015.⁹¹ Dette gjer ein klar indikasjon på at tidleg norsk podkasting var dominert av etablerte aktørar, særleg NRK.

NRK sin dominans kjem også fram i mediedekkinga av podkastmediet i norske aviser. «NRK» var hovudtema i mellom 16 og 29,4 prosent av artiklane om podkasting i norske aviser mellom 2005 til 2012.⁹² Talet på artiklar med NRK som hovudtema, gjekk derimot tydeleg ned i 2013 til 12,8 prosent og 8,7 prosent i 2014. Dette kan tyda på at assosiasjonen mellom NRK og podkasting blei svakare i 2013 og 2014. I 2015 hadde berre 2,3 prosent av artiklane NRK som hovudtema, og det viser dermed at assosiasjonen mellom NRK og podkasting forsvann i den andre fasen av podkasting. Graf 3 illustrerer denne utviklinga tydeleg. Dei artiklane som blei skrivne, handla ofte om podkasta NRK program, særleg *Radioresepsjonen* frå NRK P3 og diverse radioprogram frå NRK P2.⁹³ I tillegg fekk NRK ein del merksemd for musikkavtalen dei hadde for podkastar mellom 2008 og 2010.⁹⁴

Graf 3: Prosent av norske avisartiklar om podkast som hadde NRK som hovudtema frå 2005 til 2015⁹⁵



Podkasting var for NRK ein alternativ distribusjonskanal for radioprogramma til kringkastaren. Det vil seia at folk kunne velja kor tid og kvar dei ville lytta på programma, men det representerte ikkje naudsynlegvis eit nytt medium. I stor grad var NRK konservative og innoverte lite innanfor mediet. Likevel var det nokre unntak. Til dømes blei ein smakebit av *Radioresepsjonen* send på podkast i desember 2005 før heile programmet blei kringkasta på radio og podkasta i januar 2006.⁹⁶ *Radioresepsjonen* blei kjapt ein av dei mest populære podkastane i Noreg, ein posisjon dei skulle halda i over eit tiår.⁹⁷ I 2017 stod *Radioresepsjonen* aleine for ca. 60 prosent av nedlastingane av NRK sine podkastar ifølgje nettsjef i NRK, Nicolai Flesjø.⁹⁸ Sjølv om *Radioresepsjonen* først og fremst var eit radioprogram, var stilen godt eigna til podkast ettersom det var bygd på samtalen mellom vertane. *Radioresepsjonen* hadde truleg stor påverknad på norsk podkasting.⁹⁹



Steinar Sagen, Tore Sagen og Bjarte Tjøstheim, programleiarane i 'Radioresepsjonen', promoterer 'jingleshow' konsert med Kringkastingsorkesteret i 2010. Foto: Kringkastingsorkestret.

Den NRK-leia modellen for podkasting av radioprogram nådde eit toppunkt ved musikkavtalen som blei inngått mellom NRK og FPI i 2008. Den gjorde det mogleg å podkasta innhald med musikk så lenge programmet bestod av mindre enn 70 prosent musikk. Dette blei seinare endra til 50 prosent, og avtalen varte heilt fram til januar 2012.¹⁰⁰ I denne perioden var det dermed ikkje noko skilje mellom radioprogramma til NRK og den podkasta versjonen av det same programmet.¹⁰¹ NRK og FPI blei ikkje einige om nye vilkår for å podkasta musikk då avtalen gjekk ut i 2012, noko som skapte eit permanent skilje mellom podkasta NRK-program og radioprogram. Likevel var ikkje skiljet mellom radio og podkast i NRK tydeleg. Til dømes vart podkastar og nett-radio samla i same NRK Radio-applikasjonen i 2010.¹⁰²

I byrjinga av 2014 sette NRK i gang ein forsiktig ny strategi då dei utforska lydproduksjonar laga for podkastmediet. I februar 2014 blei podkastane *Heia fotball*, *Tore og Einars podkast om Norge*, *Filmpolitiet DLC* og *To menn om fine ting* lansert med utgangspunkt i NRK P3.¹⁰³ Ifølgje NRK P3-redaktør på det tidspunktet, Vilde Batzer¹⁰⁴, var suksessen bak *Radioresepsjonen* som podkast ei viktig inspirasjonskjelde for den nye satsinga.¹⁰⁵ Dette opna opp for at podkasting i NRK kunne vera meir enn nedlastbare radioprogram, noko som skulle bli endå tydelegare i den andre fasen av podkasting i Noreg.¹⁰⁶



'Heia Fotball' podkastvertane Tete Lidbom og Sven Bisgaard Sundet saman med produsent Lars Haugdal Andersen og gjest Erik Mykland. Foto: Christer Pettersen-Dahl.

Uavhengige aktørar

Ifølgje podkastlitteraturen var den første fasen av podkasting dominert av uavhengige aktørar. Podkasting blei sett på som ei demokratisering av lyd, noko som prega podkastkulturen. Dette førte til ei rekke nisjeproduksjonar som framleis kjenneteiknar delar av podkastøkosystemet.¹⁰⁷ I denne delen vil eg undersøka norske uavhengige og ikkje-kommersielle podkastar. Eg kjem til å dela undersøkinga i tre. Den første delen vil fokusera på dei første uavhengige podkastane i perioden frå 2005 til 2010. Den andre delen er ein tilfellestudie av den norske podkastdistribusjonsplattforma Freecast, som kanskje var den viktigaste tilretteleggjaren for uavhengig norsk podkasting frå 2005 til 2007. Den tredje delen vil undersøka norsk uavhengig podkasting frå 2010-åra av. Desse podkastane var med på å utvikla eit sjølvstendig norsk podkastøkosystem inn mot den andre fasen av podkasting.

Først er det derimot naudsynleg å diskutera omgrepet «uavhengig». Ein uavhengig podkast er i utgangspunktet ein podkast som har kontroll på eige innhald utan å gå innom ein redaksjon eller eit anna kontrollorgan. Dette vil seia at dei har høve til å fritt velja tema, innhald, form og lengde. Me kan sjølvstendig problematisera omgrepet «uavhengig» som uopnåeleg i praksis. Til dømes kan det vera sterke kommersielle eller institusjonelle krefter som avgrensar autonomien i praksis, noko som blir skildra av Adler Berg i ein analyse av forholdet mellom dansk uavhengig podkasting og podkastbedrifta Podimo.¹⁰⁸ I denne artikkelen blir omgrepet brukt om podkastar som har full redaksjonell kontroll, og som er utanfor store institusjonar, medieorganisasjonar og

bedrifter. Dette gjeld særleg podkastar laga av enkeltpersonar, men også podkastar frå små kyrkjesamfunn, idrettslag og andre små ikkje-kommersielle aktørar. I denne samanhengen lener eg meg på Markman og Markman og Sawyer, som skildrar uavhengige podkastarar som individ og grupper, oftast amatørar, utanfor tradisjonelle medieinstitusjonar, som brukar podkastmediet til å bli medieprodusentar utan å måtta gå innom kontrollorgan.¹⁰⁹

Dei første uavhengige podkastane (2005–2010)

Den første podkasten i Noreg, *Brassnerd* ;-), blei laga av Terje Pedersen og lagd ut på bloggen hans i mars 2005. Pedersen var ein amatør og uavhengig aktør som ynskte å testa ut eit nytt medium. Dette likna i stor grad på dei første podkastane i internasjonal samanheng. Andre tidlege uavhengige norske podkastar var *Hjorthens Podshow* frå mai 2005, *Digital hverdag* frå juli 2005 og, kanskje den første norske videopodkasten, *Spis de Rike*, frå juni 2005. I tillegg vart det oppretta fleire tidlege podkastar frå interesseorganisasjonar som den politiske podkasten *Bodø Høyre* og den religiøse podkasten *Lundehaugen menighet*, båe frå 2005.¹¹⁰ Nærradioen *Boheme radio* brukte podkast som ein alternativ distribusjonsmodell då dei la ut program frå 2005 av.¹¹¹ Dette er eit klart eksempel på ein podkastkultur driven av amatørar.

Det er vanskeleg å estimera kor store desse podkastane var. Utanom *Digital hverdag* dukka dei ikkje opp på dei norske iTunes-topplistene eg har funne frå perioden. Det kan tyda på at dei drukna i konkurransen med NRK og radiokanalar som Kanal24 og P4, noko Sivertsen allereie har peika på i sin analyse.¹¹² Eit anna problem er å finna oversikter over norske podkastar frå den første tida. Medan NRK hadde ei eiga nettside for sine podkastar, var uavhengige podkastar stort sett tilgjengelege på individuelle bloggar og nettsider og større podkastoversikter som iTunes. Dette gjer det vanskeleg å laga ei systematisert oversikt over dei tidlege podkastane i Noreg. For å finna spor etter dei tidlege podkastane har eg vore avhengig av arkiverte nettsider, omtale i aviser og den arkiverte versjonen av *ITavisen* sin podkastdistribusjonsteneste *Freecast*. Lydfilene er stort sett ikkje tilgjengelege.

Norske aviser skreiv generelt lite om uavhengig norsk podkasting i perioden frå 2005 til 2010, men det var nokre unntak. Til dømes skreiv *Vårt Land* om «godcasting» (religiøse podkastar) i 2005 og nemnde då podkasten til Lundehaugen menighet.¹¹³ Ingvar Ambjørnsen publiserte ein kortroman som podkast i 2006, noko fleire norske aviser skreiv om, blant anna VG.¹¹⁴ Ambjørnsen sin podkasta roman var den einaste uavhengige podkasten eg har funne på ei toppliste på norske iTunes frå denne perioden.¹¹⁵ Elles skreiv VG ein kort artikkel om Sogn Folkemuseum sin podkast same året,¹¹⁶ og podkasten til utviklingsminister Eirik Solheim i 2007 fekk også merksemd i fleire aviser.¹¹⁷ Utanom desse var det som regel lokalaviser som skreiv om lokale podkastproduksjonar frå offentlege institusjonar, universitet, lokale frivillige lag, elevar på skular og frå kyrkjer.¹¹⁸ Me må gå til arkiverte nettstader for meir informasjon.

I 2000-åra var det to norske nettstader dedikerte til podkasting: podcaster.no utvikla av Anoaweb, og podcast.no utvikla av iPublish.¹¹⁹ podcaster.no har blitt arkivert på Internet Archive frå 15. januar 2007 til 2. juni 2010 og hadde ei oversikt på over 88 podkastar fordelt på 18 ulike kategoriar den 15. januar 2007.¹²⁰ Sida blei ikkje oppdatert etter første arkivering 15. januar 2007. Eg kategoriserte podkastane i fem nye kategoriar, og då kom det fram at NRK var den klart største utgivaren med 35 av 88 podkastar (ca. 40 prosent).¹²¹ Kategorien kommersielle stod for 10 podkastar (ca. 11 prosent) og bestod av VGTV, Kanal24 og ei rekkje mindre aktørar i tv og nettstader. Det var 22 ikkje-kommersielle podkastar (25 prosent) frå podkasttenesta *Freecast*, små radiostasjonar, kyrkjesamfunn, ein

hobbyorganisasjon og ein uavhengig podkast. For 14 podkastar (ca. 16 prosent) lykkast eg ikkje å finna aktøren bak. Likevel kan me gå ut frå at mange av dei passar i kategorien ikkje-kommersiell ut frå namna deira.¹²² Ved å bla gjennom ulike sider på podcast.no, arkivert frå 3. april 2008 til 11. desember 2009, fann eg 53 podkastar. Av desse var 34 videopodkastar og 19 anten lydpodkastar eller ikkje oppgjevne. Overvekta av videopodkastar kjem truleg av at nettsida var driven av iPublish, ei teneste for video. Dei fleste podkastane vart laga i samarbeid med iPublish (15), NRK (9), TVNorge (8) eller ein annan etablert aktør (10).¹²³ Berre 5 var uavhengige og 6 var i kategorien usikker.

Ifølgje både podcaster.no og podcast.no var det relativt få uavhengig podkastar. Likevel gjev desse sidene langt frå eit fullstendig bilete av norsk podkasting i 2000-åra. podcaster.no viser først og fremst podkastar fram til 2007, medan podcast.no først og fremst bestod av videopodkastar. Dei seier heller ikkje noko om storleiken på dei. For å få eit betre bilete av norsk podkasting i tidlege 2000-år har eg difor valt å gå nærmare inn i eit tilfellestudie av den norske podkastplattforma *Freecast*.


Freecast (2005–2009)

Freecast var ei teneste frå *ITavisen* som tilbød brukarar å lasta opp og distribuera podkastar gratis. I tillegg kunne brukarar finna og lytta på podkastane. Sida blei kontinuerleg oppdatert med topp ti-lister over dei mest populære, i tillegg fekk fleire av dei redaksjonelle omtalar.¹²⁴ Dei ynskte å laga «Norges mest sprudlende og aktive podcast-miljø»,¹²⁵ og mykje tyder på at tenesta fungerte som eit samlingspunkt for uavhengig norsk podkasting mellom 2005 og 2007. I denne delen vil eg undersøka *Freecast* si rolle i uavhengig norsk podkasting, men først må me forstå kven aktøren bak var.

ITavisen er ei heildigital nettavis som spesialiserer seg på forbrukarelektronikk, videospel og informasjonsteknologi. Ho var blant dei største nettavisene i Noreg i 2005 med over 180 000 unike besøkjande i veka.¹²⁶ I 2000-åra eksperimenterte nettavisa med ulike nye internettbaserte plattformar som eit diskusjonsforum for brukarar frå 2004.¹²⁷ Pimp my PC, ein nettstad for å lasta opp bilete og stemma på dei beste heimelaga PC-ane;¹²⁸ og Kudos.no, inspirert av amerikanske Digg.com, som var ein nettstad kor brukarar kunne lasta opp nettstader som andre brukarar kunne stemma på.¹²⁹ *ITavisen* sitt viktigaste bidrag til norsk podkasting var plattformen *Freecast*, som vart lansert 23. september 2005.¹³⁰

Freecast hadde noko suksess, sjølv om ho ikkje klarte å trekkja til seg dei store massane. Fleire av podkastane klarte å nå ut til nokre tusen lyttarar – om me kan stola på lyttartala som *ITavisen* registrerte.¹³¹ Den desidert største podkasten var spelpodkasten *Hardcore* frå Studentradioen i Bergen. Dei fekk totalt ca. 77 000 nedlastingar fordelt på 73 episodar innan juli 2007.¹³² Elles var det fleire podkastar som hadde fleire tusen nedlastingar totalt.¹³³ Dette var betydeleg mindre enn NRK som, ifølgje podkast-ansvarleg Paul Arvid Jørgensen, hadde 110 000 nedlastingar berre i løpet av juni 2006.¹³⁴ Likevel viste det at det fanst ein marknad for uavhengig norsk podkasting, og det var i tillegg ei stor breidde i aktørar og tema. Det fanst podkastar om sport, litteratur, humor og IKT frå studentradioar (*Hardcore*), idrettslag (*Froland curlingklubb podcast*)¹³⁵, skuleklassar (*KVS Casting*)¹³⁶, eit uavhengig magasin (*BITZ*)¹³⁷ og diverse amatørar (*JohsBerg*, *Livstidsmagasinet*, *Fredrik Hossmann*).¹³⁸ Den 8. mai 2007 var det registrert 134 podkastar på plattformen.¹³⁹ Dette kan sjå ut som ein norsk variant av den amatørdrivne podkastkulturen, men til skilnad frå den engelskspråklege marknaden førte ikkje *Freecast* til eit levedyktig uavhengig podkastøkosystem på norsk.


Ettersom Internet Archive berre viser blanke sider etter juli 2007, er det vanskeleg å følgja



*'Freecast' sånn den kan ha sett ut den 10. desember 2005.
Dette er frå ein arkivert versjon av nettsida henta frå Internet
Archive*

samt og nådde 77 podkaster totalt den 29. oktober 2006, altså berre tre nye podkaster i månaden. Etter dette tok veksten seg kraftig opp og nådde 91 podkaster totalt 9. desember same året, ca. ti nye podkaster i månaden. Veksten heldt fram i 2007 og nådde 134 podkaster totalt innan 8. mai 2007 – 8,6 nye podkaster i månaden. Med andre ord var det ein tydeleg vekst av i talet på nye podkaster i andre halvdel av 2006, og denne veksten heldt seg inn i 2007. Graf 4 illustrerer auken i talet på nedlastingar i veka, talet på nedlastingar totalt og talet på podkaster på plattformen frå 2006 til 2007.

Graf 4: Oversikt over talet på nedlastingar og talet på podkastar på podkastplattforma Freecast frå 2006 til 2007¹⁴⁸



utviklinga til *Freecast* utover hausten 2007. Likevel ser det ikkje ut til at tenesta blei lagt ned på dette tidspunktet. Ei bok publisert i 2008 nemner ei lenke frå *Freecast* frå 13. september 2007, noko som tyder på at plattformen framleis eksisterte hausten 2007.¹⁴⁰ Rune Kinnerød skreiv eit blogginnlegg 29. mars 2009 om at *Freecast* skulle leggjast ned den 1. april 2009.¹⁴¹ Eg har ikkje klart å finna ei offisiell fråsegn som kan bekrefte dette, men det framstår som sannsynleg at tenesta forsvann rundt denne tida.¹⁴²

FreeCast kan ha blitt fjerna på eit tidspunkt då tenesta var i vekst. Ettersom *ITavisen* publiserte topp ti-lister med nedlastingstal¹⁴³, så er det mogleg å fylgja utviklinga over tid.¹⁴⁴ Frå 2005 til 2006 var gjennomsnittet på nedlastingar per podkast på topp ti-lista på 157.¹⁴⁵ Frå 2007 av gjekk trenden på vekentlege nedlastingar kraftig oppover med eit gjennomsnitt på 359 nedlastingar i veka per podkast på topp ti-lista.¹⁴⁶ Den same tendensen kan me sjå i nystarta podkastar på plattformen. Data byrjar frå 25. juni 2006 med 65 podkastar på plattformen.¹⁴⁷ Dette steig lang-

Freecast var den einaste staden der me kan finna eit økosystem av norske uavhengige podkastar i perioden frå 2005 til 2007. Nedlastingstala viser at dei fleste uavhengige podkastane var små, men at fleire av dei var levedyktige. Tenesta kan ha blitt lagd ned på same tid som ho såg vekst, sjølv om datagrunnlaget er for fragmentarisk til at me kan trekkja ein klar konklusjon. Norske aviser viste aldri interesse for tenesta, og *Freecast* blei ikkje nemnd éin einaste gong, men enkelte av podkastane der fekk mediedekking i lokalaviser. Då plattformen forsvann, ser det ut til at dei uavhengige podkastane også forsvann.

Dei som laga uavhengige podkastar på denne tida, var stort sett ikkje med i den seinare oppblomstringa av podkastmediet i Noreg i 2010-åra. Frå dette kan me dra konklusjonen om at podkasting på midten av 2000-åra ikkje var stort nok til å oppretthalda ei uavhengig norsk podkasting. Det kunne likevel ha gått annleis. I eit internt NRK dokument om podkasting frå 2006 er moglegheita nemnd for å skapa ei liknande plattform som *Freecast* for å lasta opp og spreia podkastar. I tillegg kunne den brukast til å finna lovande radiotalent for NRK.¹⁴⁹ Det er vanskeleg å seia kor seriøst forslaget var, men plattformen blei uansett aldri ein realitet. Norsk uavhengig podkast kunne potensielt ha utvikla seg mange år tidlegare dersom NRK hadde laga ei slik plattform, men det er ingen garanti for at dei hadde lykkast.

Suksessfulle uavhengige podkastar (2010–2014)

Då norske uavhengige podkastar til slutt lykkast utover 2010-åra, skjedde det via iTunes og andre internasjonale podkastplattformer. Norsk podkasting nådde kanskje eit kritisk punkt på denne tida som gjorde det mogleg for uavhengige norske nisjepodkastar å treffa ein norskspråkleg marknad. For eksempel klarte blant anna filmpodkasten *Filmfrelst* (2009–), spelpodkastane *Rad Crew* (2011–) og *Nerdcast* (2010–), vitskapspodkasten *Saltklypa* (2010–19), humorpodkasten *Alex og Fridtjofs podcast* (2012–19) og fantasy-fotball-podkasten *Wildcard FC* (2013–22) å finna eit norsk publikum i sine nisjar. Eit norsk podkastøkosystem heldt på å veksa fram i byrjinga i 2010-åra.¹⁵⁰ Det som skilde desse frå dei tidlegaste uavhengige podkastane, var at dei klarte å stå på egne bein gjennom fleire år. Nokre av dei er framleis aktive i dag, over eit tiår etter at dei publiserte første episode.

Tusvik & Tønne (2012) var den klart største av dei. Dette var den første uavhengige podkasten i Noreg som nådde ut til eit stort publikum og som klarte å koma inn på dei første plassane på topplista til iTunes Noreg.¹⁵¹ Podkasten blei og blir laga av komikarane Sigrud Bonde Tusvik og Lisa Tønne. Dette var ein av dei første norske uavhengige podkastane som viste korleis ein kunne tena pengar på mediet, og dei var dermed eit eksempel på prosessen Bonini (2015) diskuterte i sin analyse av kommersialiseringa av amerikansk podkasting frå 2012. Dette skal eg sjå nærmare på i diskusjonen av kommersielle aktørar i norsk podkasting frå 2005 til 2014.

Me kan også sjå teikn til vekst i mediedekkinga i enkelte aviser. *Dagbladet* skreiv den første lengre artikkelen om uavhengige norske podkastar og nemnde podkastane *Popfilter*, *5080*, *Filmfrelst* (*Montages*) og *Rad Crew*.¹⁵² I 2012 hadde *Dagens Næringsliv* ein lengre artikkel om svensk uavhengig podkasting.¹⁵³ Ein studentkampanje på norske universitet i 2010 om å få podkasta universitetsforelesingar viser også at podkasting ikkje berre blei sett på som ein reprisekanal for radio; podkast kunne også brukast på nye måtar av fleire aktørar.¹⁵⁴ Norske studentar henta truleg inspirasjon frå anglo-amerikanske universitet, der fleire forelesingar blei lagde ut på iTunesU, iTunes sin eigen plattform for universitetsmateriale.¹⁵⁵



Sigrid Bonde Tusvik og Lisa Tønne bak podkasten Tusvik & Tønne. Foto 1: Offshore Norge; foto 2: Nordiske Mediedager.

Kommersielle aktører i norsk podkasting

Fleire kommersielle aktører var blant dei tidlegaste til å testa podkastformatet, men desse tente stort sett ikkje pengar på det. Til dømes brukte dei kommersielle radiokanalane Kanal 24 og P4 podkasting som ein alternativ distribusjonsmodell for enkelte av radioprogramma sine, men dei var gratis å lytta til. Dette gjaldt også for *Radio Adressa* (*Adresseavisen*), som ikkje hadde særleg suksess med si podkasting av *Sex- og samlivsmagasinet*.¹⁵⁶ *ITavisen* sin podkast frå 2005 til 2008 var også gratis å lytta til, og i den grad han bidrog til inntening av pengar, var det i form av auka trafikk til nettstaden. Det same gjaldt for podkasttenesta *Freecast*, som *ITavisen* utvikla. Ho var gratis å bruka, både for lyttarar og podkastprodusentar.¹⁵⁷ *Klar Tale* (2006), *Suldalsposten* (2006) og *Vårt Land* (2007) laga alle podkastversjonar av artiklane sine.¹⁵⁸ Podkastane var retta mot eit nisjepublikum (lesarane av avisene), og ser ikkje ut til å ha fått noka særleg merksemd utover sine egne kanalar. Dei var også gratis å lytta til og blei nok laga for å få større merksemd rundt ei merkevare snarare enn å tena pengar på podkasting. Dette gjaldt nok også for Gilde, som laga kanskje den einaste norske merkevarepodkasten i tidleg norsk podkasting.¹⁵⁹ Det var generelt vanskeleg å tena pengar på podkasting i den første tida, også i det engelskspråklege marknaden.¹⁶⁰

Få aktørar prøvde å tena pengar på tidleg podkasting i Noreg, men *Dagbladet* prøvde i 2009. I mars 2009 lanserte *Dagbladet* podkasten *Folkemakt* med Kristopher Schau og Espen Thoresen. Podkasten var gratis den første veka, før dei ville gjera det om til ei betalt abonnementssteneste.¹⁶¹ Etter berre to veker og 30 selde abonnement blei podkasten skrinlagd.¹⁶² Prosjektet var dømt til å mislykkast. For det første fanst det ikkje nokon særleg marknad for podkastar i Noreg i 2009 utanom NRK, som var tilgjengeleg gratis. Gratisprinsippet stod sterkt i podkastverda, og det var utenkjeleg at ein nyetablert podkast ville tiltrekke seg tusenvis av betalande.¹⁶³ For det andre hadde verken

Schau og Thoresen vil revolusjonere radio for Dagbladet



Kristopher Schau og Espen Thoresen før lanseringa av det mislykka prosjektet 'Folkemakt'. Foto: Dagbladet.

Dagbladet eller Schau og Thoresen ein klar idé om kva ein podkast skulle vera, noko som både kjem fram i intervjuet under nystartinga i mars 2009 og i seinare refleksjonar rundt prosjektet i 2015.¹⁶⁴

Det var først og fremst i videopodkasting ein hadde høve til å tena pengar på norsk podkasting i 2000-åra, sjølv om det sannsynlegvis ikkje var snakk om store summar. TVNorge brukte podkasting først og fremst til å trekkja folk til sendingane sine og la ut klipp gratis frå programma sine. VG TV brukte også podkasting til å leggja ut gratis videoklipp. Begge var representerte på topplistene på iTunes i 2006.¹⁶⁵ TV2 prøvde å laga ei slags abonnementssteneste, men det ser ikkje ut til at dei lykkast med det.¹⁶⁶ Elles tente medieselskapet *iPublish* pengar på å selja podkastproduksjon- og distribusjonstenester direkte til artistar.¹⁶⁷ Fleire av desse podkastane var på topp 20-lista på iTunes i 2006.¹⁶⁸ Både tv-selskapa og *iPublish* drog podkasting i retning av videopodkasting i 2006, men denne koplinga blei mykje svakare seinare.¹⁶⁹ Tv-selskapa gjekk mot streaming, mens videobloggar gjekk over til sosiale media-plattformer som YouTube. Podkasting, som var gratis og lett å distribuera via RSS, var ein vanskeleg måte å tena pengar på videomateriale på samanlikna med dei andre plattformene.¹⁷⁰ Den sterke koplinga mellom video og podkasting viser derimot at det fanst ei alternativ forståing av mediet i den norske konteksten i byrjinga.¹⁷¹

RSS-teknologien gjorde at det var vanskeleg å tena pengar direkte på podkasting, og ein måtte

difor finna alternative innteningsmåtar. Dette kunne vera abonnementstenester, sal av ekstraprodukt, publikumsfinansiering, reklame og live-arrangement. I Noreg var det særleg live-innspelningar med publikum, og dermed billettsal, som prega den første kommersialiseringa av podkastar. *Radioresepsjonen* var ein av dei første til å prøva dette i Noreg då dei hadde to live-framføringar som ei avslutning av radioprogrammet i 2010.¹⁷² Fleire uavhengige aktørar byrja også å testa ut live-innspelningar som *Rad Crew* og *Saltklypa* i 2012. Dette var først og fremst lokale arrangement.¹⁷³ Det var podkasten *Tusvik & Tønne* som vidareutvikla dette konseptet og brukte det som ein aktiv innteningsmodell. Dei hadde framføringar i fleire norske byar frå 2013 og utover.¹⁷⁴ Dette var sannsynlegvis den første norske uavhengige podkasten som klarte å tena større pengar på mediet.¹⁷⁵

Bonini såg ei aukande kommersialisering av amerikansk podkasting frå 2012 av, ettersom podkastaktørar i større grad klarte å tena pengar på verksemda si. I norsk podkasting var det også ei gryande kommersialisering tidleg i 2010-åra, men podkasting var truleg ikkje stort nok til å skapa ein podkastmarknad. Det tok tid før reklameinntekter kom inn i podkasting, og det var ein gradvis prosess som skjedde i etterkant av *Serial*.¹⁷⁶ Norsk podkasting var dermed først og fremst ein alternativ distribusjonsmodell for kommersielle aktørar, eller ei bi-inntekt for eit knippe norske podkastar, kanskje med unntak av *Tusvik & Tønne*.

Konklusjon

Denne artikkelen har undersøkt podkastmediet i Noreg i perioden frå 2004 til 2014 med utgangspunkt i dei tre følgjande spørsmåla: (1) Kva kjenneteikna podkasting i Noreg mellom 2004 til 2014? (2) Kva form for podkasting var dominerande i Noreg i denne perioden? (3) Korleis endra og utvikla podkastmediet seg i Noreg frå 2004 til 2014?

Basert på analysen kan me sjå tre ulike former for podkasting mellom 2004 til 2014: (1) podkast som ein distribusjonsmodell for radio og TV (NRK, Kanal24, P4 og TVNorge), (2) podkast som videobloggar og småsnuttar (iPublish, VG Nett) og (3) podkast som uavhengige lydproduksjonar (*Freecast*, institusjonelle podkastar, diverse amatørpodkastar og avispodkastar). Aktørane kan me dela inn i seks: (1) NRK og andre radiokanalar, (2) TV stasjonar, (3) medieselskap, (4) aviser, (5) diverse institusjonar og frivillige lag og (6) uavhengige amatørar.

Den dominerande forma for podkasting i Noreg var radioprogram sende i reprise, særleg frå NRK. Podkasting var då først og fremst ein alternativ distribusjonsmodell for radioprogram. Desse programma var mest populære, ifølgje iTunes og fekk mest mediedekking i norske aviser. NRK sine radioprogram, særleg *Radioresepsjonen*, var dominerande heile perioden, mens uavhengige podkastar som *Tusvik & Tønne* fekk ein større plass i norsk podkasting utover 2010-åra. I ein kort periode, særleg i 2006, var videosnuttar frå TVNorge og videobloggar frå iPublish godt representerte på topplistene av norske podkastar, men dette forsvann utover 2010-åra. Me kan seia at podkasting gjekk frå å vera eit lyd- og videomedium basert på radio, TV og videoblogging til å bli primært eit lydmedium basert på radio og uavhengige produksjonar i 2010-åra. Tv- og videoblogging gjekk i aukande grad over til andre plattformer som streaming (til dømes Netflix) og YouTube, noko som førte til at podkasting vart assosiert med lyd.

Av uavhengige podkastar var det få som klarte å nå opp på topplistene etter at NRK involverte seg frå hausten 2005 av. Forfattar Ambjørnsen sin podkasta lydbok i 2006 og særleg *Tusvik & Tønne* frå 2012 var to unntak. I ein kort periode representerte *ITavisen* si plattform *Freecast* ein nisjekultur av uavhengige podkastar frå kyrkesamfunn, frivillige institusjonar og lag, interesserte amatørar og studentradioar. Det ser derimot ut til at desse podkastane forsvann med *Freecast*-plattforma. Det var først opp mot 2010-åra at me fekk uavhengige podkastar som *Rad Crew*, *Filmfrelst* og *Saltklypa*

som overlevde over fleire år og skapte eit uavhengig amatørdrive podkastøkosystem i Noreg. Desse podkastane var truleg viktige i å skapa ein kultur i norsk podkasting som blei vidareutvikla inn i den andre fasen av norsk podkasting etter *Serial*.

Kommersialiseringa av norsk podkasting skjedde først og fremst etter *Serial*. To moglege grunnar til dette kan vera den avgrensa podkastmarknaden på norsk samanlikna med engelsk og NRK sin dominans. Den avgrensa marknaden gjaldt både det avgrensa talet på lyttarar og mangelen på norske uavhengige podkastproduksjonar. Dominansen til NRK kjem klart til uttrykk i iTunes-topplis-tene frå den perioden. Dei økonomiske musklane til NRK og kvaliteten på programma kan ha gjort det vanskeleg for amatørdrivne podkastar å konkurrera. Likevel klarte *Tusvik & Tønne* å tena pengar på podkasting ved å opptre på live-arrangement. NRK sin *Radioresepsjonen* hadde gjort det allereie i 2010, men *Tusvik & Tønne* hadde ein meir heilskapleg strategi rundt show-verksemda. Andre uavhengige podkastar var også delaktige i ulike live-arrangement, sjølv om innteninga sannsynlegvis var avgrensa. Når det gjeld andre formar for inntekstgenerering, som reklame, sal av produkt og publikumsfinansiering, var desse fråverande i den norske konteksten. Likevel kan den forsiktige kommersialiseringa og framveksten av uavhengige podkastar ha vore viktig for utviklinga av norsk podkasting inn mot den andre fasen av podkasting etter 2014.

I den første fasen av norsk podkasting var mediet først og fremst ein reprisekanal for radiopro-gramma til NRK, dernest ein måte for amatørar å laga lydproduksjonar på. Norsk podkasting var i liten grad basert på eit demokratiserande amatørdrive ideal som Berry, Sterne et al., Bonini og Kammer og Sejersen skildrar frå den amerikanske konteksten.¹⁷⁷ Den aukande kommersialiseringa av amerikansk podkasting frå 2012, skildra av Bonini, gjorde seg i liten grad gjeldande i ein mykje mindre norsk marknad.¹⁷⁸ I tillegg ser det ut til at norske amatørpodkastar kom i skuggen av profesjonelle (NRK) podkastar, slik Sivertsen hadde hinta til i sin analyse av norsk podkasting i 2006.¹⁷⁹

Den sterke posisjon til allmennkringkastaren NRK i norsk podkasting kan me setja inn i ein større samanheng. Ifølgje Hallin og Mancini er Noreg eit eksempel på den demokratisk-korpora-tive mediemodellen der staten gjennom allmennkringkasting har ei tradisjonelt aktiv og sentral rolle med sterke allmennnyttige ideal. I lys av dette kan me sjå korleis NRK brukte si institusjonelle og økonomiske makt til å spegla si eiga tolking av podkastmediet, nemleg som ein reprisekanal for radioprogramma til NRK sånn at folk kunne høyra dei kor og når dei ville. Dette står i kontrast til USA, som ifølgje Hallin og Mancini er ein del av den liberale modellen med lite direkte statleg innblanding og ein svak og oppdelt allmennkringkastar, noko som dermed gav større rom for amatørdrivne og uavhengige podkastar.¹⁸⁰ Skilnadane mellom tidleg amerikansk og norsk podkasting kan med dette også spegla mediesystemskilnader.

Likevel bør me ikkje overdriva NRK sin dominans i tidleg norsk podkasting. Frå sporadiske og flyktige uavhengige podkastproduksjonar i 2000-åra kom det i aukande grad eit levedyktig norsk uavhengig podkastøkosystem i 2010-åra. I 2014 fanst det ei rekkje norske uavhengige podkastar som laga episodar over fleire år i ulike nisjar. Live-arrangement hadde blitt eit mogleg inntekst-grunnlag for dei mest populære podkastane. I tillegg byrja NRK så smått å testa ut lydproduksjonar til podkasting i 2014. Forståinga av podkasting som ein reprisekanal for radio var altså betydeleg svakare i slutten av perioden enn i byrjinga.

Sivertsen skreiv at det var umogleg å veta om podkasting kom til å «bli neste generasjons radio» eller «en flopp». På midten av 2000-åra var det ikkje mogleg å «vurdere det [podkasting] i dybden, diskutere kritisk og vurdere de langsiktige konsekvensene av det.»¹⁸¹ I 2025, når denne artikkel-en blir skriven, er det mogleg å trekkja nokre forsiktige konklusjonar. Om det demokratiserande

potensialet til podkasting, som Sivertsen skildra i sin artikkel, i liten grad blei realisert i den første fasen av podkasting i Noreg, skulle denne få eit kraftig oppsving i den andre fasen av podkasting etter *Serial*, den amerikanske true crime-podkasten lansert i 2014. Etter 2015 eksploderte interessa for podkasting, og dette innebar ei rekkje nye aktørar, både amatørar og profesjonelle. Fundamentet for denne utviklinga blei derimot lagt allereie i den første fasen av norsk podkasting.

Noter

- 1 Dette er første treffet i Nasjonalbiblioteket sin digitale avissamling for eit søk på «podkast» eller liknande former. Sjå fotnote 41 for fullt søk. Me kan ikkje utelukka at det finst ein endå eldre artikkel.
- 2 *Aftenposten*, 28. februar 2005, s. 9.
- 3 Bonini 2015
- 4 Sullivan 2019; Morris 2021; Sullivan 2024
- 5 Rime et al. 2022.
- 6 Sjå seinare diskusjonar.
- 7 Dette tyder i praksis at eg inkluderer former for podkasting som blei kalla «podkast» i samtida, sjølv om det ikkje naudsynleg blir det i dag. Eitt eksempel er TVNorge sine videosnuttar som blei distribuerte via RSS i midten av 2000-åra.
- 8 Kammer og Sejersen 2025: 18–21
- 9 Morris 2024: 16–17; Markman 2012; Sullivan 2019
- 10 Bonini 2015
- 11 Sjå delane om «Historie» og «Litteraturgjennomgang».
- 12 Berry 2015; Kammer og Sejersen 2025: 21–24
- 13 Netscape var den første nettlesaren som tok i bruk RSS. Hammersley 2005: 1.2. A Short History of RSS and Atom; Sullivan 2019: 2–3
- 14 Nuzum 31. januar 2021
- 15 Morris 2024: 33–36
- 16 Doyle 7. september 2019.
- 17 «Audioblogging» og «GuerillaMedia» vart også foreslått. *The Guardian*, 12. februar 2004.
- 18 Sterne et al. 2008; Isene 2023; Esquireme, 14. november 2019.
- 19 Berry 2006: 151–2
- 20 I podkastkatalogen podcast.net auka talet på podkastar frå 47 i oktober 2004 til 796 i slutten av året. Podcast.net 9. oktober 2004; Podcast.net 30. desember 2004; podcast.net 29. desember 2004.
- 21 Oxford University Press 2024
- 22 Google Trends 2004
- 23 iTunes var eit mediebibliotek og ein spelar eigd av Apple som særleg blei brukt til musikk, men også video.
- 24 Apple 2005
- 25 Sullivan 2019
- 26 Ingraham 2012; Quirk 2016
- 27 For data i USA: Markman 2015; Pew Research Center 2024; for data i Noreg: Norsk Mediebarometer 2016: 91
- 28 Bonini 2015; Morris 2024
- 29 Berry 2006
- 30 Sterne et al. 2008
- 31 Markman 2012; Markman og Sawyer 2014

- 32 Wang 2021
- 33 Florini 2015
- 34 Kammer og Sejersen 2025
- 35 Spinelli og Dann 2019
- 36 For ein gjennomgang av podkastøkonomien i den engelskspråklege podkastmarknaden, sjå: Morris 2024: 87–112; Bonini 2015
- 37 Bonini 2015
- 38 Sivertsen 2015
- 39 Morris og Hoyt (red.) 2021
- 40 Hoyt og Morris 2021
- 41 PodcastRE
- 42 Det fullstendige søket var: podkast OR podcast OR Poddkast OR Poddkasting OR poddcasting OR poddkas-
tene OR poddkastane OR poddcast OR poddcastar OR podcasting OR podkasting OR podkaster OR podcaster
OR podkastar OR podcastar OR podkastene OR podkastane OR podcastene OR podcastane OR podkasten OR
poddkasten OR podcasten OR podkasterne OR podcasterne OR podkasteren OR podcasteren OR podkastaren
OR podcastaren
- 43 Til dømes ville resultatane for 2010 vore langt høgare om eg hadde tatt med alle gongene *Vårt Land* nemner sin
eigen podkast.
- 44 Alle aviser som har ei programoversikt, kjem opp i søket, sjølv om det ikkje blir nemnt nokon annan stad i
avisa. Dette gjev eit lite representativt bilete av korleis podkastmediet er dekt i norske medium.
- 45 dato, avisnamn, om artikkelen definerer podkasting (ja/nei), om artikkelen fokuserer på podkasting (ja/nei),
NTB-innhald (NTB eller blank), artikkeltittel, tema for artikkelen, nøkkelord, tekst, geografi, originalt innhald
(ja/nei) og definisjon av podkast (dersom det finst)
- 46 Podcast, NRK, interview, technology, radio, media, videocast, music, godcast og other. Dette er breie
kategoriar som inneheld mange forskjellige artiklar. Til dømes inneheld kategorien «media» alle andre
medium som ikkje er podkast, video-podkast eller radio. «godcast» er religiøse podkastar og eit omgrep som
blei brukt i samtida.
- 47 Hale et al. 2017; for meir informasjon om teoretiske og metodiske utfordringar ved bruk av internettarkiv, sjå
Brügger og Schroeder (red.) 2017.
- 48 Til dømes dukkar ikkje podkasttenesta *Freecast* opp i norske aviser si dekking av podkasting, sjølv om den var
svært viktig for tidleg norsk uavhengig podkasting. Her har eg vore avhengig av arkiverte nettstader.
- 49 For ein utfyllande diskusjon rundt bruken av munnlege kjelder i historie, sjå Abrams 2016.
- 50 Takk til Eirik Newth, Terje Tveit, Jan-Arve Overland, Martin Sivertsen, Jostein Hakedal, Magnus Nome, Marius
Lillelien, Thomas Moen, Øyvind Vasaasen, Nils Heldal og Arve Bramseth.
- 51 *Aftenposten* fann ingen podkastar på norsk i februar 2005. *Aftenposten*, 28. februar 2005, s. 9.
- 52 Vartdal 4. desember 2004; Cridland 2021
- 53 Halvorsen 2004
- 54 Intervju med Terje Tveit 14. november 2024
- 55 I det som har blitt arkivert frå nettstaden til Filadelfia, er det ingen teikn til ein podkast i 2004. Radioandakt
blei lagt ut på nettstaden i januar 2005, men verken orda «RSS» eller «podkast» blei brukt. I ein RSS-strøm
arkivert i 2020 finn vi talar frå Filadelfia frå 2004, men sjølv straumen ser ut til å ha blitt oppretta i 2011. Med
andre ord er det ingen kjelder frå ein eventuell Filadelfia-podkast i 2004. Filadelfiamenigheten Kristiansand,
21. januar 2005; Filadelfia Kristiansand Taler 2004.

- 56 Rudi skreiv i 2021 eit blogginnlegg om den første podkasten på norsk. Han konkluderte med at Terje Pedersen sin *Brassnerd* ;-) var først i Noreg. Rudi 2. november 2021.
- 57 Pedersen, 27. mars 2005
- 58 «Siden jeg enda har tilgode å finne en eneste norsk podcast så lagte jeg min egen lille, hehe. Denne podcasten min er ikke noe interessant å lytte på da, det var mer som en test for meg selv hva som skulle til av programvare på Linux for å lage en.» Pedersen, 28. mars 2005.
- 59 Sex- og samlivsmagasinet (RSS); Adresseavisen, 30. april 2005, s. 20.
- 60 *ITavisen*, 5. august 2005
- 61 NRK la ut *Kurér* kl. 16.56, medan Kanal24 la ut *Superstreng* 2,5 timar seinare. I RSS-straumen til NRK finn me derimot to ulike datoar for publikasjon: 2. september og 3. september. 2. september refererer truleg til publikasjonen av podkasten, medan 3. september refererer til datoen programmet vart sendt på radio. Dette skapte noko forvirring, og fleire melde difor at Kanal24 var først ute med podcast. NRK *Kurér* (RSS); Newth, 2. september 2005; Propaganda, 5. september 2005.
- 62 *Dagbladet*, 26. juni 2006, s. 59.
- 63 NRK *Kurér* (RSS)
- 64 NRK, 2. september 2005.
- 65 NRK Podcast, 24. november 2005.
- 66 *Aftenposten Kultur*, 18. desember 2005, s. 8–9.
- 67 NRK Podcast, 1. september 2007
- 68 *Dagen*, 23. november, 2005, s. 24
- 69 *Dagbladet*, 9. oktober 2006, s. 51; *Aftenposten kultur*, 19. januar 2009, s. 6–7
- 70 Sjå fotnote 41.
- 71 Sjå Metode for ei utfyllande utgreiing.
- 72 Norske aviser og podcast [R-skript]: #tal på artiklar som fokuserer på podkasting 2005–2014
- 73 Sjå fotnote 41.
- 74 For ein diskusjon av *Serial*-effekten i internasjonal litteratur, sjå Berry 2015; Berry 2016; Sherrill 2022.
- 75 Michalsen, 27. november 2015
- 76 Norsk mediebarometer 2018: 48
